

Alle ungdomsråd i Hordaland

Dato: 02.05.2014  
Vår ref.: 2014/560-53  
Dykkar ref.:

## Invitasjon til nettverkssamling 25.-26. oktober til alle ungdomsråd i Hordaland

**25. og 26. oktober** vert det arrangert nettverkssamling for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Hordaland ved **Quality Edvard Grieg Suitell**. I den anledning har Ungdommens fylkesutval gleda av å kunne invitere **2 personer** frå dykkar Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre til å delta.

Tema for samlinga er korleis Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre kan påverke kommunane, og ulike arbeidsmetodar. I tillegg vil samlinga og ha fokus retta mot førebuing til Ungdommens fylkesting som vert arrangert i februar.

Eigenandelen er 1800 kr per deltakar. Dette dekker alt unntatt reise til og frå. Påmeldinga er bindande og skal vere Ungdommens fylkesutval i hende innan **1. oktober**. Her er link til påmeldinga.

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til [ungdommens.fylkesutval@hfk.no](mailto:ungdommens.fylkesutval@hfk.no) så snart som mogleg. For praktisk informasjon, ta kontakt med Ingeborg Borgen Takle, [ingeborg.borgen.takle@hfk.no](mailto:ingeborg.borgen.takle@hfk.no).

Ungdommens fylkesutval ønskjer dykk ein god ferie og ser fram til eit godt samarbeid etter sommaren.

Bergen, 30. mai 2014

Agnes Hoshovd Bernes  
leiar  
Ungdommens fylkesutval

Birte Markeseth Aasen  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

